



Det smakte godt med frukt etter treninga

I går, onsdag, hadde barnepartia t turn si siste trening før sommarferien. Borna har vore fordelt på 4 grupper, men på treninga i går var det 3, då begge partia i 1.-3.klasse var slått saman. Alle partia kosa seg med frukt etter treninga, og bileta våre er henta frå eldste gruppa som er aldersgruppa frå 4. til 7. klasse.



På to av bileta ser vi dei i full sving på airtrack-matta. Det har vore mange aktive gjennom sesongen, og turngruppa ved Ann Kristin Vangen Olsen ønskjer dei god sommar og velkomne tilbake etter ferien. Ho rettar også ei stor takk til instruktørane som har vore Silje og Madeleine på barnepartiet, Anne, Magnhild, Edel og Janne-Helen på 1.-3.klassepartiet og Gina og Linda på 4.-7.klassepartiet. Dei vaksne partia held fram med treningane enno ei stund.



Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Ann Kristin Vangen Olsen